

---

Saksnr: 2020/78729-2  
Saksbehandlar: Hallvard Trohaug,

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

**Tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune løyver tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven i Nærøyfjorden, samt tilbaketrekte tilskotsmidlar frå 2019 til fylgjande prosjekt:

	Søklar	Objekt /prosjektnamn	Tildeling 2021	Førehandsløyving 2022
1 og 2	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Delfinansiering av stillingar, parkforvaltar og kulturvernforvaltar	500 000	
3	Siv Beate Bakke	Sagentunet - driftsbygningen	1 465 000	
4	Ottar Stegen	Øvste Stegen - løe	675 000	
5	Håkon Aksnes	Undredal - naust	290 000	
6	Nils Hjellum	Melhus - høyløe	80 000	
7	Torill Nedberge Klevmark	Nedbergo - geitefjøs	370 000	
8	Lars Nedberge	Nedbergo - løe	0	
9	Håkon Aksnes	Undredal - røykehus	50 000	
10	Olav Magne Dyrdal	Bakka - eldhus	250 000	
			<b>3 680 000</b>	

2. Om nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering fylkesdirektøren høve til å fordele om midlane til andre tiltak på same kulturminne eller til andre av dei dei tiltaka som har fått tilskot, jf. pkt. 1 over.

3. Frå dei tilbaketrekte midlane i 2020 vert det sett 20 000 kr til strakstiltak i 2021.

4. Førehandsløyving for 2022 på 500 000 kr vert tildelt i seinare møte i hovudutvalet.

5. Fylkesdirektøren sett nærare vilkår for bruken av tilskota.

6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber fylkesrådmannen gå i dialog med Riksantikvaren for rolleavklaringar i tilskotsforvaltinga mellom direktorat og fylkeskommune.

Samandrag

Kvart år har eigarar av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven. For 2021 fekk fylkeskommunen søknadar til ti prosjekt med ei total søknadsramme på 6,51 mill. kroner.

Vestland fylkeskommune har for 2021 fått tildelt 3 mill. kroner i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79, jf. vedlegg 1. I tillegg fekk fylkeskommunen 0,5 mill. kroner i førehandsløyving for 2022. Vidare har fylkeskommunen 0,7 mill. kroner i tilbaketrekte midlar løyvd i 2019.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David J. Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har for 2021 fått tildelt til saman 3,5 mill. kroner frå *Bevaringsprogram for verdsarv* til ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Av desse er 0,5 mill. kroner førehandsløyving for 2022. Bevaringsprogrammet skal utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning og formelt vern, i tråd med forpliktingane i UNESCO si verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Tilskot frå post 79 går til private eigarar og forvaltarar av verdsarvstadar i Noreg. Tre av dei åtte ligg i Vestland fylkeskommune, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje. Fylkeskommunen handsamar søknadar for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden og Bryggen i Bergen (eiga sak), mens søknadar om støtte frå post 79 til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

For 2022 fekk Vestland fylkeskommune inn søknad om tilskot til ti ulike prosjekt i Nærøyfjorden med ein samla søknadssum på 6,51 mill. kroner. Desse søknadane danna grunnlaget for fylkeskommunen sin søknad om tilskot frå post 79 for 2021.

I brev av 03.03.2020 viser Riksantikvaren til følgjande hovudføremål med tilskotsordninga:

*Bevaringsprogrammet for verdsarv og midla på post 79 skal medverka til å utvikla verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innan natur- og kulturmiljøforvaltninga når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern. Vidare skal områda på Unescos verdsarvliste forvalta i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen. Midla skal nyttast til tiltak retta mot verdsarven i Noreg.*

*Vestnorsk fjordlandskap er innskrevet som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsværdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.*

Riksantikvaren gjorde følgjande vedtak om midlar frå post 79:

#### **Vedtak og tilskot for 2021 og tilsegn for 2022**

*På bakgrunn av vurdering av søknaden, rapporten og tildelingskriteria for posten har Riksantikvaren fatta følgjande vedtak:*

*Riksantikvaren gir med dette **tilskot** på kr 3 000 000 frå post 79 tilskot til verdsarven.*

*Riksantikvaren gir med dette **tilsegn** for 2022 på kr 500 000 frå post 79 tilskot til verdsarven.*

*Tilskot og tilsegn skal brukast til:*

- Kulturminneforvaltar/parkforvaltar, inntil kr 500 000.
- Tilskotsbeløpet til eldhuset på Bakka må sjåast i samanheng med tilskot frå post 73.
- Dei andre tiltaka det er søkt om.

*Det gis ikkje tilskot til:*

- Løe på bruk 1 Nedbergo.

Fordeling av tilbaketrekte midlar i 2020:

Fylkeskommune trekte i 2020 tilbake heile eller delar av tildeling frå tre prosjekt; eldhus på Bakka, geitefjøs på Nedbergo og plan for gardsmuseum på Styvi. Ingen av prosjekta vart ferdige innanfor løyvingsperioden.

Vedtakskompetanse

Jamfør delegeringsreglementet pkt. 3 har hovudutval for kultur, idrett og integrering mynde til å fatte vedtak om fordeling av statlege tilskot til tiltak i Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøfjorden.

Vurderingar og verknader

Disponible midlar

Tildeling frå Riksantikvaren for 2021	3 000 000
Førehandsløyve frå Riksantikvaren 2022	500 000
Tilbaketrekte midlar 2020 som vert omdisponert	700 000

Søknadar 2021

Tal søknadar	10
Tal på søknadar som er tilrådd støtte	9
Søknadssum 2021 frå eigarar	6 510 000
Søknadssum 2021 frå FK til Riksantikvaren	6 510 000

#### Økonomi:

Saka gjeld fordeling av statlege midlar og har ikkje innverknad på avdelinga sine budsjett ut over løns- og driftsmidlar knytt til sakshandsaming og oppfølging av prosjekta.

#### Klima:

Istandsetting av bygningsarven vår er eit godt klimatiltak, med bakgrunn i at nybygg krev mykje resursar og energi, mens bruk av eksisterande bygningar vil krevje mindre resursar enn å bygge nytt. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere trongen for nybygg og med det redusere klimaavtrykket til bygningsmassen.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

#### Merknad til Riksantikvaren sitt vedtak om tilskot og tilsegn

Fylkesdirektøren merkar seg at Riksantikvaren sitt rammevedtaket om tilskot og tilsegn til Vestland går langt i å detaljstyre fylkeskommunen sine prioriteringar av dei ti aktuelle søknadene, noko som medfører ei innsnevring av det regionalpolitiske handlingsrommet. I denne saka er vi i fleire høve samde med Riksantikvaren sine faglege prioriteringar, men vi meiner prinsipielt at Riksantikvaren som direktoratet ikkje skal handsame einskildsøknader eller nytte øyremerking i rammetilskota til regionalforvaltninga. Vestland fylkeskommune meiner direktoratsrolla tilseier at Riksantikvaren må ha sitt hovudfokus på utvikling av overordna, nasjonale retningslinjer, kriterium og innretting av dei statlege tilskotsordningane, slik at desse kan bidra til å nå dei nye nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken. Vi har elles forståing for at Riksantikvaren framleis er i prosess med å reindyrke si rolle som direktorat.

#### Målgruppe og nasjonale mål

Målgruppe og dei nasjonale måla er nedfelt i Miljø- og energidepartementet sitt rundskriv T-1/20 *Tilskotsordningar for 2021* som omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er at eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Målet for tilskotsordninga er å medverke til å utvikle verdsarvområda i Noreg som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturminneforvaltning når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern. Målgruppa er områda i Noreg som er innskrivne i eller er under nominasjon til UNESCO si verdsarvliste. Noreg har per i dag åtte verdsarvområde. Målet med ordninga er å forvalte stadene på verdsarvlista i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene for implementeringa av konvensjonen og andre gjeldande internasjonale dokument for bevaring av dei framifrå, universelle verdiane (OUV) frå UNESCO.

Tilskot blir gitt til eigarar og forvaltarar på stader i Noreg som står på UNESCO sin verdsarvliste. Dette er for tida åtte stader. Tilskot blir gitt til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak for kulturminne, kulturmiljø og landskap i verdsarvområde.

#### **Generelle føresetnader og kriterium for tildeling**

Dei innkomne søknadane er vurdert i høve til Riksantikvaren sine retningslinjer og for bygningar er dei i tillegg vurdert i høve til prioriteringane gjort i gjeldande *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde - Nærøyfjorden*.

Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å ta vare på mest mogleg av originalt/eldre material. Bygningsdelar som må skiftast skal erstattast med delar av tilsvarande materiale med tilsvarande handverksmessig utforming, så langt det let seg gjere.

#### **Vurdering av innkomne søknadar**

For 2021 har fylkeskommunen fått inn ti prosjekt, der fire av søknadane til istandsetting av bygningar er knytt til bygningar som er prioritert i *Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden*. Desse prosjekta vil bidra til å oppfylle målsetjinga i restaureringsplanen om istandsetjing av dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet.

Ein av søknadane til rekonstruksjon av løe på bruk 1, Nedbergo er i realiteten eit nybyggingsprosjekt og særskild kostnadsnevjande. Prosjekt må planleggast og dokumenterast betre, både når det gjeld byggemåte, bruk og økonomi, før det kan vurderast om tiltaket ligg innanfor formålet med tilskotsordninga.

Riksantikvaren skriv i tillegg følgjande i tildelingsbrevet:

*Riksantikvaren vektlegg ferdigstilling av allereie pågåande større prosjekt før nye større prosjekt startar opp, og vi gjev difor ikkje tilskot til istandsetting av løe på bruk 1 på Nedbergo i Aurland.*

Fylkesdirektøren rår difor til at prosjekt ikkje får støtte.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har gjennom fleire år fått tilskot til delfinansiering av stillinga *Parkforvaltar - kulturminne og formidling*. Parkforvaltaren har gjort eit godt arbeid med å hjelpe fram istandsetjingsprosjekt i området og å hjelpe eigarar med søknadar om tilskot. Parken søker no om tilskot til ei stilling som kulturvernforvaltar, som skal ha kompetanse på bygningsvern og restaureringshandverk. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det er ressursar i nærområdet som kan hjelpe eigarar av verneverdige kulturminne med søknad om støtte til istandsetjingstiltak.

Riksantikvaren skriv følgjande om stillingane i tildelingsbrevet:

*Generelt ønskjer ikkje Riksantikvaren å binda for store midlar over post 79 til stillingar. Det er likevel nyttig med kompetanse som bidrar til å ivareta dei viktige kulturverdiane i Vestnorsk fjordlandskap. Riksantikvaren finn difor at vi over post 79 kan støtte tilsvarande ei halv stilling for Nærøyfjordområdet og ei halv stilling for Geirangerfjordområdet.*

Fylkesdirektøren rår difor til at Vestland fylkeskommune løyver 500 000 kr til delfinansiering av stillingane i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

For nærare omtale og vurdering av prosjekta syner fylkesdirektøren til vedlegg 3.

#### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegg.